

Planinitiativ

Ved ønske om oppstart av privat planarbeid skal forslagsstillar sende inn eit planinitiativ som i nødvendig grad skal omtale premissane for vidare planarbeid. Planinitiativ skal fyllast ut av fagkyndig. Malen er utarbeidd for å dekke punkta som skal gjerast greie for i eit planinitiativ etter § 1 i [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven av 01.01.2018](#). Punkta under skal fyllast ut så langt det er mogleg på dette stadiet i prosessen. Avhengig av kompleksiteten i planen, lokale forhold med vidare, må omfanget av dokumentasjonen under de enkelte punkt vurderast.

Planinitiativ for	Sula kommune – Sunde, Runnane 6, gbnr 63/29 m.fl.
Utarbeidd av	Asplan Viak AS
Datert	07.12.2022
Forslag til plannamn	Detaljregulering Sunde pumpestasjon, gbnr 63/29 m.fl.

Planinitiativ, jf. §1 i forskrift, andre ledd

a) Formålet med planen

Sula og Ålesund kommune starta i 2016 samarbeidet om å sjå på moglegheit for eit felles avløpsreinseanlegg på Kvasnes/Kongshaugstranda i Sula kommune. Nokre av dei eksisterande anlegga skal overførast til det nye anlegget på Kongshaugstranda. Det vil medføre utbetring og eventuelt nybygg av pumpestasjonar. Nokre stadar er tomta allereie er regulert til reinseanlegg. Andre stadar må det lagast ny reguleringsplan for å sikre erverv av ny byggetomt for pumpestasjonen.

Formålet med planarbeidet i Sunde er å etablere ny pumpestasjon for overføring av avlaupsvatn til reinseanlegget på Kvasnes. Eksisterande slamavskiljar skal avviklast. Føreslått formål er avløpsanlegg.

Planinitiativet er utarbeidd etter Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven, § 1 Krav til planinitiativet. Sula kommune er forslagsstillar, plankonsulent er Asplan Viak AS.

Kontakt om planarbeidet kan rettast til:

Anna Hellstrøm, arealplanlegger, Asplan Viak, 476 72 792, anna.hellstrom@asplanviak.no

Prosjektleder i Sula kommune:

Jørn Agersborg, teknisk sjef, 978 91 484, jorn.agersborg@sula.kommune.no



Figur 1 Oversiktskart over strekninga Sunde - Kvasnes, med plassering av Sunde pumpestasjon

b) Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet



Figur 2 Foreslått planavgrensning.

Foreslått plassering av ny pumpestasjon er på autsida av Sundevegen (E39), ferjekaia og snuplass for buss. Ny pumpestasjon er tiltenkt plassert mellom Runnane vest og Sundevegen.

Planområdet har tilkomst frå Sundevegen i vest. Området ligger sørvendt, i skrånande terreng ned mot sjøen frå ca +6 moh til +2 moh. Det er einebustader nordaust for planområdet. Det ligger også ein einebustad i enden av Olamyrvegen som går gjennom planområdet.



Figur 3 Hovuddelen av planområdet sett frå snuplassen i sør. Fotoet er tatt rett etter at slamavskiljaren blei graven ned.

Planområdet er ca. 3,4 daa.

c) Planlagde bygningar, anlegg og andre tiltak

Det skal byggast prefabrikkert pumpestasjon i området. Plasseringa vil avklarast gjennom planprosessen. Nye pumpestasjon vil ha tilførselsleidningar lagt under bakken. Vidare mot Kongshaugstranda vil det bli lagt sjøleidningar. Det kan bli aktuelt å regulere plassering av landtak for sjøleidningar.

d) Utbyggingsvolum og byggjehøgder

Planlagt avløpspumpestasjon er eit prefabrikkert bygg med grunnflate på ca. 10 m² (2,5 m × 4 m). Mønehøgde vil være under 3 meter over terreng med flatt tak.

e) Funksjonell og miljømessig kvalitet

Tema som kvalitetar, tilkomst, tilpassing til omgjevnader, materialbruk mv. vil gjerast greie for som ein del av planarbeidet.

f) Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

Konsekvensar for omgjevnader, naboar, fjernverknad mv. vil gjerast greie for som ein del av planarbeidet.

g) Forhold til kommuneplan, eventuelle gjeldande reguleringsplanar og områdeplanar, retningslinjer og pågåande planarbeid

Forureiningsforskrifta

Sula kommune har avlaupsreinseanlegg som ikkje innfrir utsleppskrava på grunn av slitasje, utdatert prosessutstyr og overbelastning av tilført framandvatn. Sula kommune har eit foreløpig fritak frå sekundærreinsekravet, men må innstille seg på å innfri dette kravet. Miljødirektoratet har bede om strengare praksis for tildeling av dispensasjon for sekundærreinsekravet. Både Statsforvaltaren og nytt EU-direktiv peiker dessutan mot strengare reinsekrav.

Kommuneplanens arealdel 2015 – 2025

Planområdet er i arealdelen avsett til formåla Forretningar, veg og grønstruktur.

Kommuneplanen har ikkje byggegrenser i strandsona.



Figur 4 Utsnitt frå kommuneplanens arealdel.


Gjeldande reguleringsplan

Planområdet er detaljregulert gjennom planane

- 1531 [10.04](#) - Reguleringsplan for Sunde – Leirvåg, vedteke 16.5.1980
- 1531 10.04.15 Reguleringsendring for gnr 63 bnr 29 del av Sunde- Leirvåg – ny avkøyrse frå Olamyrvegen til Sundevegen
- 1531 10.04.03 Reguleringsendring, tilrettelegging for idrettsplass på Olamyra m.m.
- 2019001280 Reguleringsplan for Solevåg ferjekai

I Reguleringsplan for Sunde- Leirvåg er arealet ned mot sjøen sør for Olamyrvegen avsett til reinseanlegg. Ekspropriasjonsretten har gått ut, og kommunen eigar ikkje grunnen.

Arealbruken frå planar vedtatt før 2015, med mellom anna friområde i strandsona, er stadfesta i ny arealdel.




Figur 5 Utsnitt frå gjeldande reguleringsplanar i området.

h) Vesentlege interesser som planinitiativet kan verke inn på.

Trafikk

E39 Sundevegen har årsdøgnsstrafikk på 2900 (vegkart.no, 2021). Det ligger snuplass for buss og haldeplass sør for planområdet ved ferjeleiet. Det er også ein mye brukt parkeringsplass. Det er ikkje registrert ulykker ved planområdet i vegkart.no.

Grunnforhold



Figur 6 Kvartærgeologisk kart (lausmasser), kjelde: NGU

Ifølge lausmasekartet til NGU består grunnen rundt planområdet av marin strandavsetning med samanhengande dekke, fyllmasse og hav- og fjordavsetning og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen (gneis).

Miljøsmål vann

Storfjorden- ytre har miljøsmål «god» for økologisk og kjemisk tilstand, og dagens tilstand er god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.

Friluftsliv

Storhaugen aust for planområdet er kartlagd som viktig friluftsområde, med svaberg, flott utsikt og bading. Området ligger aust for Storhaugen og har middels brukarfrekvens, og er i dag lite tilrettelagd. Deler av planområdet ned mot sjøen er markert som potensielt tilgjengeleg strandsone.



Figur 8 Friluftsområdet Storhaugen

Naturmiljø og naturmangfald

Det er registrert lokalt viktige ålegrassamfunn i Solavågen vest for planområdet og i Sulafjorden. Det er ikkje registrert sårbare artar i området iht. artsdatabanken. Det er gjort funn av framandarta rynkerose sørvest for planområdet.

Kulturminne

Det ligg ingen kulturminne i eller nær planområdet.

Barnetråkk

Kjenner kommunen til om det er gjort registreringar i Sunde?

i) Korleis samfunnstryggleiken skal takast vare på, gjennom førebygging av risiko og sårbarheit

Sjekkliste for identifisering av uønskte hendingar er gjennomgått til oppstartsmøtet (omarbeidd versjon av sjekkliste i vedlegg 5 til DSBs rettleiar for ROS-analyser 2017).

	UØNSKA HENDINGAR	AKTUELL?	
		Ja/nei	Grunngjeving
Natur- hendingar	Ekstremvær		
	Storm og orkan	Nei	Framherskande vindretning er frå sør, nordaust og søraust. Planområdet ligger opent ned mot fjorden i sør. Det er lite som tyder på at området er meir utsett for ver enn andre områder i nærleiken.
	Lyn- og torevær	Nei	Ikkje spesielt utsett område
	Flom		
	Flom i sjø og vassdrag	Nei	Ikkje markert som fareområde i NVE si kartdatabase og som stormflo.
	Urban flaum/overvann	Nei	Jf. NVE si kartdatabase.
	Stormflo	Ja	Framtidig stormflo nivå eller bølger i NVE si kartdatabase verker ikkje inn på tiltaket som vil ligge over kote +4. Landtaket for avløpsleidingar må byggast slik at det er sikra mot bølger.
	Skred		
	Skred (kvikkleire, jord, stein, fjell, snø)	Ja	Planområdet ligg innan aktsamsone for marin leire. Det blei gjort grunnundersøkingar i forbindelse med ny ferjekai.
	Skog- og lyngbrann		
Skogbrann	Nei	Området ligg ikkje i tilknytning til skog.	

	Lyngbrann	Nei	Ikkje relevant for planområdet
Andre uønska hendingar	Transport		
	Større ulykker (veg, bane, luft, sjø)	Nei	Tiltaket genererer svært lite trafikk. Det er ikkje avdekket ulykkesområder i nærleiken av planområdet.
	Næringsverksemd/industri		
	Utslepp av farlege stoff	Nei	Området ligg innanfor aktsamsone for radon, med moderat til lav aktsemd. Dette gjeld store delar av landsdelen, og handterast gjennom prosjektering etter TEK 17. Tiltaket verkar ikkje inn på eksisterande industri i området.
	Akutt forureining	Ja	Det er ikkje avdekket forureina grunn jf. Miljødirektoratets kartlegging av forureina grunn. Dersom pumpestasjonen er ute av drift over ein lengre periode kan det føre til utslepp av ureina avløpsvatn til resipient.
	Brann, eksplosjon i industri (tankanlegg, oljeterminal, LNG-anlegg, raffineri)	Nei	Det er ikkje planlagt eksplosiv industri, og er ikkje avdekket slik verksemd i nærleiken.
	Brann		
	Brann i transportmiddel (veg, bane, luft, sjø)	Nei	Ikkje relevant for planområdet, lite trafikkerte veger og svært avgrensa trafikk til tiltaket.
	Brann i bygnader og anlegg (sjukehus, sjukeheimar, skule, barnehage, idrettshallar/tribuneanlegg, asylmottak, fengsel/arrest, hotell, store arbeidsplassar, verneverdig/freda kulturminne)	Nei	Ikkje aktuelt med tanke på tiltakets art.
	Eksplosjon		
	Eksplosjon i industriverksemd	Nei	Ikkje relevant for planområdet
	Eksplosjon i tankanlegg	Nei	Ikkje relevant for planområdet
	Eksplosjon i fyrverkeri- eller eksplosivlager	Nei	Ikkje relevant for planområdet
	Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastrukturar		
	Dambrot	Nei	Ikkje aktuelt for planområdet
	Distribusjon av forureina drikkevatt	Nei	Ikkje aktuelt for planområdet
	Bortfall av energiforsyning	Ja	Bortfall av energiforsyning vil medføre at pumpestasjonen sluter å fungere, og dette kan gi utslepp til resipient.
	Bortfall av telekom/IKT	Nei	Vil ikkje verke inn på pumpestasjonen.
	Svikt i vassforsyning	Nei	Vil ikkje verke inn på pumpestasjonen.
	Svikt i avløpshandtering/ handtering av overvatn	Ja	Endringar på leidningsnettet i forbindelse med anleggsfase er dekket av byggherreforskrifta. Formålet med planarbeidet er å etablere pumpestasjon for avløpshandtering. Dette vil

			erstatte eldre anlegg med behov for oppgraderingar. Svikt i overføringsnett til det nye reinseanlegget kan føre til at ureinsa vann går ut i resipientane via nødoverløp.
	Svikt i framkome for personar og varer	Nei	Alternativ køyrerute i anleggsfase vil være mogleg å gjennomføre om nødvendig.
	Svikt i nød- og redningstenesta	Nei	Anleggsfase ventes ikkje å redusere framkome i området.

j) Kva aktuelle offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart

I tråd med varslingsliste frå kommunen. Aktørar som skal varslast vil bli avklart i oppstartsmøte.

Aktuelle parter er mellom anna:

- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- NVE
- Mørenett
- Naboar og interessentar

k) Prosser for samarbeid og medverking frå aktuelle fagmynde, grunneigarar, naboar og andre

Tas opp i oppstartsmøtet. Tiltaket er forholdsvis lite. Det vil være ekstra viktig å ha tett kontakt med grunneigarar med tanke på at grunnerverv vil bli nødvendig.

l) Vurdering av om og korleis planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar, og korleis krava i tilfelle vil bli tatt vare på

Det er gjort ei vurdering av om planarbeidet omfattast av forskrift om konsekvensutgreiingar.

Tiltaket kjem ikkje inn under § 6, Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast, da det er eit pumpeanlegg av liten størrelse. Det vurderast at pumpeanlegg ikkje er det same som reinseanlegg som angitt i Vedlegg 1, da anlegget ikkje vil ha jamleg utslepp (berre i unntakssituasjon ved t.d. straumstans), og dagens reinseanlegg fjernes.

Tiltaket kjem heller ikkje inn under § 8, Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Bokstav a. gjelder reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. I vedlegg II står nr 11c: Reinseanlegg for spillvatn. Som over vurderast det

at tiltaket ikkje faller inn under kategorien reinseanlegg, og at tiltaket ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Situasjon etter at tiltaket er etablert vil medføre betring av dagens situasjon med tanke på utslepp.